

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2016-0044	<b>Søknadsår</b>	2016	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016			
<b>Prosjektnavn</b>	Styrking drift Forum for natur og friluftsliv SF			

### Kort beskrivelse

FNF er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftslivsorganisasjonane på fylkesnivå. FNF har som formål å ivareta natur- og friluftslivsinteressene i aktuelle saker i fylket, inkl alle typer plan- og utbyggingssaker. FNF skal vere synleg i det politiske miljø og hjå offentlege mynde.

### Prosjektbeskrivelse

Viktige arbeidsoppgåver for FNF: Påverknad i alle typer plansaker og enkeltsaker som har konsekvenser for naturverdier og friluftsliv på kommune- og fylkesnivå. Drive langsiktig påverknads og haldningsarbeid mot styrande mynde og opinion. Sette natur- og friluftslivssaker på samfunnet sin dagsorden. Etablere god kontakt og samarbeid med regionale mynde. Drive kompetanseoppbygging i natur- og friluftslivsorganisasjonane. Utvikle samarbeidet mellom natur- og friluftslivsorganisasjonane. Styrke organisasjonane sin deltaking i regional og kommunal samfunnsutvikling. Styrke organisasjonane sitt samarbeid for felles læring og motivasjon med tanke på å få auka fysisk aktivitet hjå folk, gjennom auka tilbod om aktivitet og auka egenaktivitet. Bidra til at samfunnsplanlegginga og legg til rette for auka fysisk aktivitet i befolkninga og slik auke folkehelsa, trivsel og livskvaliteten.

Styrking av FNF vil bidra til å styrke natur- og friluftslivsorganisasjonane i fylket og kan bidra til å ivareteke gode vilkår for å drive med friluftsliv og fysisk aktivitet i fylket. Friluftsliv er eit viktig bidrag til bærekraftig utvikling.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Forum for natur og friluftsliv Org.nr:912265722	Sognefjordvegen 40 6863 LEIKANGER	48020532
<b>Kontakt- person</b>	Elisabeth Dahle	Buene - Stolpen 6869 HAFSLO	48020532
<b>Prosjekt- leder</b>	Elisabeth Dahle	Sognefjordvegen 40 6863 LEIKANGER	48020532

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Miljødirektoratet sitt søknadssenter om aktiviteter til friluftsliv via SFFK.

### Spesifikasjon

#### Bakgrunn

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og

friluftsansjasjonar i fylket. Desse er tilslutta forumet: Sogn og Fjordane Turlag med lokallag, NJFF i Sogn og Fjordane med lokallag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane med lokallag, Forbundet Kysten med lokallag ved Hornelen Kystlag, Norges Speiderforbund i SFj med lokale grupper, Gloppen Padleklubb, Norsk Ornitologisk Forbund avd Sogn og Fjordane, Fortidsminneforeningen i SFj, Klatreklubbane og -miljøa i Sogn og Fjordane ved Sogndal Klatreklubb. Vi har i tillegg samarbeid med 4H, Orienteringskrinsen, Røde Kors, Sunnfjord kajakkklubb, Solund Kystkulturlandskapsark, Sogn Villaksråd, Salmoncamera, KFUK/KFUM.

### **Prosjekt mål**

Styrke arbeidet i forumet, administrativt og i organisasjonane dvs styrke deira rolle som samfunnsaktør, samfunnsutviklar og primærleverandørar i frivillig sektor innan friluftsliv, fysisk aktivitet.

Vern av naturen for å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og kommande generasjonar er ein del av dette, samt å sikre gode villkår for å drive friluftsliv og fysisk aktivitet i framtida.

### **Forankring**

FNF er etablert av Norsk Friluftsliv (tidlegare FRIFO), Samarbeidsrådet for naturvernsaker, SRN (samarbeidsorg. i SRN er DNT, NJFF og WWF Norge) og Friluftsrådenes landsforbund FL. Medlemmer i FNF nasjonalt er følgende organisasjonar: Norsk Friluftsliv, Friluftsrådenes Landsforbund, Norges Naturvernforbund, Den Norske Turistforening og Norges Jeger- og Fiskerforbund.

FNF skal være en møteplass for samarbeid mellom organisasjonene, en arena for natur- og friluftslivsfaglig kompetanseoppbygging i organisasjonene og være en del av et felles kompetansenettverk innen natur og friluftsliv mellom organisasjonene på lokalt, regionalt og sentralt nivå.

Organisering av FNF på fylkesnivå

Fylkesledd og regionale ledd av nasjonale medlemsorganisasjonar, samt andre organisasjonar som arbeider for å fremme natur- og friluftslivsinteresser, kan slutte seg til fylkesledd av FNF.

Foreningar som arbeider for å fremme natur- og friluftslivsinteresser kan etablere kommunale og interkommunale FNF.

Styret i FNF sentralt har ansvaret for det langsiktige arbeidet med FNF, sørge for at FNF utvikler seg i tråd med intensjonene, utarbeide budsjett, fordele driftsmidler, gjennomføre FNF-samlingar, ha ansvar for nettstedet og arbeide for gode rammebetingelser for FNF.

FNF i fylkene: Styret i fylkene har ansvar for det organisatoriske og økonomiske overfor fylkeskommunen og FNF sentralt og skal være en faglig støtte for koordinator i det daglige arbeidet. Styret skal bestå av minst tre representantar fra ulike typer organisasjonar.

### **Prosjektorganisering**

FNF i Sogn og Fjordane er prosjektleiar ved koordinator. Styret i FNF har det overordna ansvaret for drift og at FNF fungerer etter føremål og etter Styringsdokument for drift av Forum for natur og friluftsliv FNF, Gjeldande frå 01.01.2016.

Samarbeidspartnarane er inkludert i utøvande virke.

### **Samarbeidspartnere**

Tilslutta organisasjonar i FNF og andre organisasjonar som nemnt under bakgrunn.

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og

friluftsansjasjonar i fylket. Desse er tilslutta forumet: Sogn og Fjordane Turlag med lokallag, NJFF i Sogn og Fjordane med lokallag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane med lokallag, Forbundet Kysten med lokallag ved Hornelen Kystlag, Norges Speiderforbund i SFj med lokale grupper, Gløppen Padleklubb, Norsk Ornitologisk Forbund avd Sogn og Fjordane, Fortidsminneforeningen i SFj, Klatreklubbane og -miljøa i Sogn og Fjordane ved Sogndal Klatreklubb. Vi har i tillegg samarbeid med 4H, Orienteringskrinsen, Røde Kors, Sunnfjord kajakkklubb, Solund Kystkulturlandskapsark, Sogn Villaksråd, Salmoncamera, KFUK/KFUM.

Sentrale organisasjonar som Norsk Friluftsliv og deira tilslutta organisasjonar, SABIMA, Allemannsretten.no ved Marianne Reusch, Offentleg mynde som SFFK, FMSF, Kommunane i SF.

### Aktivitetar

1. Å vere aktiv høyringspart i offentlege plansaker og sikre brei deltaking av samarbeidsparter inn mot:

Regionale mynde SFFK og tilgrensande FK i regionale plansaker, Kommunane, NVE, verneområda og verneområdestyrene, OED, utbyggingsaktørar m.m.

2. Å styrke samarbeidet om fellesarrangement og eigne aktivitetar generalt i organisasjonane. fremme breidda av friluftslivsaktivitetar for eit større publikum for å nå fleire brukarar.

### Målgrupper

1. De frivillige i det sivile samfunn i deira aktivitet inn mot: Offentlege mynde og sektormynde på ulike nivå og private utbyggingsaktørar

2. Born- og bornefamiliar, ungdom, inaktive og mindre aktive, innflyttarar/innvandrarar og allereie aktive i alle aldre, samt eldre seniorar.

### Resultat

Viser til vedlegg. Årsmelding 2015

- i tillegg vil årsmeldingane til samarbeidande organisasjonar kunne gje eit supplerande bilde t.d.: <https://www.sftur.no/rsmelding-sft/>

### Effekter

Styrka aktivitet i samarbeidande organisasjonar både når det gjeld rolla som samfunnsaktør og som primærleverandør av fellesarrangement for å profilere breidda av aktivitetar og aktørar innan friluftsliv og fysisk aktivitet i fylket, spesielt retta inn mot born og unge.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

### Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
SFFK Driftstilskot	180 000					180 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>180 000</b>					<b>180 000</b>

FNF Budsjett 2016 26.01.2016

Inntekter

FNF sentralt/NF, drift 495 000

- prosjektmidlar

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>SUM</b>
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	180 000					180 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>180 000</b>					<b>180 000</b>

FNF sentralt fordrar at FNF regionalt hentar inn driftsmidlar og 20% av lønsmidlar regionalt frå SFFK eller andre..

Sjå vedlegg Budsjett 2016 for ytterlegare informasjon

**Geografi**

1400-Sogn og Fjordane

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
Budsjett 2016.xls	17 408	11.02.2016
Strategiplan 2016.doc	15 360	11.02.2016
Årsmelding 2015.doc	146 944	11.02.2016
Årsplan 2016.doc	67 584	11.02.2016